

---

Saknr: 2020/46484-5  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet****Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 16.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbedringsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka ar at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen for 2019 for Hordaland fylkeskommune. Uttalen skal følgje saka vidare til fylkestinget via fylkesutvalet.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Rekneskap 2019 HFK-elektronisk web-versjon
- 2 HFK-Årsmelding 2019\_web
- 3 Fråsegn frå leiinga
- 4 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2019
- 5 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2019
- 6 Uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap 2019 for Hordaland fylkeskommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Årsrekneskapen for 2019 er revidert etter gamal kommunelov og det betyr at denne saka også i hovudsak er bygd opp på bakgrunn av gamal kommunelov.

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1), jf. «Forskrift om årsrekneskap og årsberetning». Fylkesrådmannen si årsmelding (vedlegg 2) skal følgja som sakstifang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er så fylkesutvalet som innstiller overfor fylkestinget, i saka om rekneskapen. Fylkestinget skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. «Forskrift om årsregnskap og årsberetning» §10.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale i denne saka, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 7.

### Vurderingar og verknader


Årsrekneskapen er lagt fram av fylkesrådmannen, og består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar. Vi har også motteke fråsegn frå leiinga (vedlegg 3).

Fylkeskommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding (vedlegg 4). Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 6.603.699.000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 111.311.000. Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som «ei rein» revisjonsmelding.

Vi fekk også kopi av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte til fylkeskommunen (vedlegg 5). Denne revisjonsrapporten inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for vesentlege feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve ein del tilrådingar til fylkeskommunen på forhold som bør og kan betrast. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere å sette fokus på desse forbetningsområda.

Av rekneskapen for 2019 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 91,5 mill. Dette er isolert sett eit høgt tal, men ikkje målt i netto resultatgrad som blir på 0,94 % (sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 2,6 % i 2019. Kontrollutvalet har og merka seg at i 11 av dei siste 12 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 4 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2015 (+ 2,07 %), 2016 (+ 2,88 %), 2017 (+ 1,96 %), 2018 (+ 0,96 %) og 2019 (+ 0,94 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2019 er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane. Dette var og tilfelle i 2015, 2016, 2017 og 2018. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad fylkeskommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Hordaland fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande 110,3 % av sum driftsinntekter, altså monaleg høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Samstundes er det ein liten auke i høve 2018 då talet var 109,4 %. Talet auka frå 2014, då det var 96 %, 2015, då det var 101,6 %, 2016 då det var 109,2 %, 2017 då det var på 113,4 og 2018 då det var på 109,4 %. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 2,74 % av driftsinntektene. Dette er ein oppgang frå 2,48 % i 2017 og nedgang frå 3,64 % i 2018. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Hordaland fylkeskommune sær høg lånegjeld, svakt driftsresultat for 2019 og eit disposisjonsfond som også er lågare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtalar dette.

Sekretariatet merkar seg m.a. følgjande frå fylkesrådmannen sin uttale i årsmeldinga:

*«Året 2019 har vore prega av at det var det siste driftsåret for Hordaland fylkeskommune samstundes som mykje av arbeidet har vore knytt til oppstarten av Vestland fylkeskommune frå komande år. Sjølv om den nye fylkeskommunen ikkje starta drifta før 1. januar 2020, måtte eit stort førebuingarbeid gjerast i dei to fylkeskommunane - samstundes med at den løpande drifta skulle gjennomførast på ein god og forsvarleg måte.*

*Dette har vore ein krevjande balansegang som har ført til at ressursituasjonen vart pressa. Særleg gjeld det fylkesadministrasjonen som, dei siste månadene av fjoråret, også måtte finne tid til å førebu flytting frå Fylkeshuset til mellombels lokale på Sandsli.*

*Trass i denne situasjonen; positivt rekneskapsresultat, lita endring i sjukefråværet og stor stå-på-vilje viser at Hordaland fylkeskommune også i 2019 var ein robust organisasjon med stor endringskapasitet og evne til å løyse nye oppgåver.*

*God økonomistyring gjorde at også rekneskapsresultatet for 2019 vart gjort opp med overskot. Dette året var det hovudsakleg god skatteinngang mot slutten av året som bidrog til eit solid plussresultat. Rekneskapsresultatet for dei fleste avdelingane viste elles godt samsvar med tildelte budsjett, noko som speglar at det har vore stor merksemd på økonomistyringa gjennom året.*

*Sjølv med eit positivt rekneskapsresultat, står fylkeskommunen likevel framfor ein krevjande økonomisk periode dei komande åra. Netto driftsresultat for 2019 var på knapt ein prosent, klart under den tilrådde norma på fire prosent. Høg lånegjeld og høgare kostnader med dei nye ferje- og busskontraktane vil auke både drifts- og investeringskostnadene dei neste åra. For å kunne oppretthalde gode tenester til innbyggjarane framover må det difor tydelegare prioriteringar til.*

*Veksten i passasjertalet i kollektivtransporten auka vidare i 2019. Frå eit høgt nivå i 2018 auka talet påstigingar i kollektivtrafikken i Hordaland med seks prosent til 79 millionar passasjerar. Størst vekst var det med Bybanen i Bergen, men også dei andre transportformene viste fin auke. Dette viser at den målretta satsinga på kollektivtransporten som er gjort over mange år i Hordaland fylkeskommune, gjev resultat.*

*Resultata er ikkje berre gledeleg i kollektivsamanheng, men viser også att i miljørekneskapen. Å få fleire til å reise kollektivt, kombinert med at transportmidla i aukande grad går over til utsleppsfritt drivstoff, er viktige miljøtiltak. Fylkeskommunen si kollektivsatsing gjev også mindre klimagassutslepp. Dette vil forsterke seg i åra framover med vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen og nye miljøvenlege ferjer og bussar. Hordaland fylkeskommune har vore tidleg ute med satsing på det grønne skiftet. Overgangen til miljøvenleg transport er ønskt velkomen, ikkje minst frå sentralt hald. Den er likevel ikkje gratis og vil som tidlegare nemnt innebære eit stort økonomisk press i den nye fylkeskommunen dei komande åra.»*

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen, revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Dessutan samanhengen mellom netto driftsresultat, langsiktig lånegjeld og ubunde disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Fylkesrådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av fylkeskommunen i 2019. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneleien § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»*

Sekretariatet har merka seg at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etikkk», «likestilling» og «diskriminering» er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2019

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin (vedlegg 6):

- rekneskapsmessig mindre forbruk
- netto driftsresultat
- låneopptak og ubundne disposisjonsfond
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.

## Konklusjon

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2019 nr. 23 frå Deloitte. Utvalet bør vidare be fylkesrådmannen kome i møte i kontrollutvalet 16.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse forbetningspunkta.

Vidare bør kontrollutvalet i sin uttale peike på at dei for sjetten år på rad er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld er særst høg og ligg monaleg over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2019 110,3 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd å liggja under 75 %. Disposisjonsfondet er også lågt, med ein nedgang frå 2018. Samstundes har fylkeskommunen eit driftsresultat som også for 2019 ligg under tilrådinga frå TBU og godt under snitt for fylkeskommunar.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via fylkesutvalet til fylkestinget.